



Høyanger kommune Ordføraren

Vestland fylkeskommune
utval for samferdsle og mobilitet

Høyanger, 10.02.20

MIDLAR VIA POTTEN «UPRIORITERTE MINDRE INVESTERINGAR» TIL PARSELLAR PÅ FV 55 «TRONVIK - ULVÅNA»

Fylkestinget i Sogn og Fjordane har ein vedteken RTP for åra 2018-2027.

Strekninga «Tronvik – Ulvåna» på Fv 55 mellom Kyrkjebø og Vadheim i Høyanger kommune er blitt plassert som prioritet nr 2 med estimert punktvis investeringar på 50 mill. kr. i lista over «uprioriterte mindre investeringar». Strekninga er også tildelt kr. 150.000,- i planleggingsmidlar i 2020.

Vegstandarden på denne strekninga er skremmande dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege, og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Det er særleg 4-5 svingar / kurver der trafikantar ikkje ser møtande køyretøy som er utfordrande.

Statens Vegvesen har kostnadsestimert naudsynte utbetringar på denne strekninga som er ca 4 km til 550 mill kr (2018). Dette inkluderer 3 tunnelar på mellom 50-100 meter.

Høyanger kommune har ved fleire høve spelt inn at fylkeskommunen må sjå på måten ein planlegg og utbetrar fylkesvegnettet når behovet er «uendeleg» og dei økonomiske rammene er avgrensa.

Underteikna meiner at tida no er inne for å gjennomføre mindre, punktvis utbetringar for å sikre trafikktryggleiken, der ein opnar for å fråvike vegnormalane. Vi krev ikkje «gul midtstripe» på denne strekninga, men ønskjer ein tryggare veg å ferdast på for innbyggjarar og næringsliv.

Det er ei dagleg pendling mellom Høyanger og Sunnfjord / Ytre Sogn på over 400 personar (2018) på denne strekninga. Høyanger har eit internasjonalt retta næringsliv som årleg omset for over 2 mrd kr.

Mi von er at fylkeskommunen kan gjennomføre ei mogelegheitsstudie på korleis ein enklast kan utbetre og trygge dei verste partia på denne strekninga og at utval for samferdsle og

mobilitet i Vestland fylke kunne tilført denne strekninga midlar til ei etappevis utbetring, gjerne over nokre år.

Ein kunne kanskje sjå på utbetringa som «vinterarbeid» - der lokale / regionale entreprenørar vart invitert på synfaring og til å gi pris på gjennomføring i tråd med rammer fastsett av fylket og vegstyresmakter.

De må gjerne definere dette som eit «pilotprosjekt» for på den måten å hauste erfaring som de evaluerer og kan nytte som modell for fleire strekningar med avgrensa trafikk, men med same ønskje som eg har; Å få etablert ein tryggare veg for dei farande...

Med vennleg helsing

Petter Sortland
ordfører

Vedlegg; Kartskisser over den aktuelle strekninga «Tronvik – Ulvåna»